

IDRETTE SINE BARNERETTIGHETER

Barn skal få ei positiv oppleving kvar gong dei er på trening eller i anna aktivitet. I idretten skal barna ha det sosialt, føle seg trygge, ønskje å prøve nye ting og ikkje vere redde for å feile. Alle idrettstilbod for barn skal vere opne for alle som ønskjer å vere med.

1. TRYGGLEIK

Barn har rett til å delta i eit trygt treningsmiljø, fritt for press og utnytting. Barn under 6 år skal ha med seg ein vaksen på aktivitetane. Skader skal førebyggjast.

2. VENSKAP OG TRIVSEL

Barn har rett til å delta i trenings- og konkurranseaktivitetar der det er lagt til rette for at dei skal utvikle venskap og solidaritet.

3. MEISTRING

Barn har rett til å oppleve meistring og lære mange ulike ferdigheiter. Dei skal også ha moglegheiter for variasjon, øving og samspel med andre.

4. PÅVERKNAD

Barn har rett til å sei si meining og bli høyrte. Dei skal ha moglegheit til å vere med på planlegging og gjennomføring av eigen idrettsaktivitet saman med trenarar og føresette.

5. FRIHEIT TIL Å VELJE

Barn har rett til å velje kva idrett, eller kor mange idrettar dei vil delta i. Dei bestemmer sjølv kor mykje dei vil trene.

6. KONKURRANSAR FOR ALLE

Barn har rett til å velje om dei vil delta i konkurransar eller ikkje. Barn som melder overgang frå ein klubb, innan same idrett, skal ha full rett til å delta i konkurransar for ein ny klubb straks overgangen er registrert.

7. PÅ BARN SINE PREMISSAR

Barn har rett til å delta i trenings- og konkurranseaktivitetar som er tilpassa deira alder, fysiske utvikling og modningsnivå.

*Vedteke av Idrettstinget 2007.
Revidert av Idrettstinget 2015.*

